



**KVITeseID KOMMUNE**

**HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT**  
**2019**  
**ØKONOMIPLAN**  
**2020 - 2022**

**Kommunestyret sitt vedtak 13.12.2018**



Skiskule – Vrådal Panorama

## **INNHALD**

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. HANDLINGSPROGRAM 2019 .....</b>	<b>5</b>
2.1 FOKUSOMRÅDE SAMFUNNSUTVIKLING .....	5
2.1.1 <i>Folketalsutvikling</i> .....	6
2.1.2 <i>Overordna planlegging</i> .....	7
2.1.3 <i>Samfunnstryggleik og beredskap</i> .....	7
2.2 FOKUSOMRÅDE ØKONOMI .....	8
2.3 FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDAR 2019 .....	9
2.3.1 Medarbeidarar .....	9
2.3.3 Omstilling .....	9
2.3.4 Lærlingar .....	9
2.3.6 Heiltidskultur .....	9
2.3.7 HMS - Internkontroll .....	10
2.3.8 Nærvær på arbeidsplassen .....	10
2.3.9 Program og mållindikator for 2019 pr. eining: .....	11
2.4 INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....	12
2.4.1 <i>Tenestesamarbeidet</i> .....	12
<b>3. BUDSJETT 2019 – ØKONOMIPLAN 2020 – 2022 .....</b>	<b>13</b>
3.1 TEKNISKE FØRESETNADER .....	13
3.2 DET GENERELLE INNTEKTSGRUNNLAGET .....	13
3.3 KONSEKVENJUSTERT BUDSJETT .....	14
3.4 INVESTERINGSBUDSJETTET .....	14
3.4.1 <i>Investeringar i 2019 - 2022 jfr. økonomiplanen</i> .....	14
3.5 DRIFTSBUDSJETTET .....	16
<b>4. POLITIKK .....</b>	<b>17</b>
4.1 POLITISK VERKSEMD .....	17
4.2 RÅDMANN OG FELLESTENESTER .....	17
<b>5. SKULE OG BARNEHAGE .....</b>	<b>18</b>
5.1 STATUS OG UTFORDRINGAR I BARNEHAGE .....	18
5.2 STATUS OG UTFORDRINGAR I SKULEN .....	19
5.2.1 <i>Grunnskulen</i> .....	19
5.2.2 <i>Kulturskulen</i> .....	21
5.2.3 <i>Vaksenopplæring</i> .....	21
5.3 FELLES HANDLINGSPLAN 2019 – 2022: .....	22
5.4 BUDSJETTILTAK .....	22
<b>6. HELSE OG OMSORG .....</b>	<b>24</b>
6.1 HANDLINGSPLAN FOR EININGANE .....	24
6.1.1 <i>Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O:</i> .....	24
6.1.2 <i>Hovudmål og tiltak for helsetenestene:</i> .....	25
6.1.3 <i>Hovudmål og tiltak KOS</i> .....	25
6.1.4 <i>Hovudmål og tiltak heimetenestene:</i> .....	25
6.1.5 <i>Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:</i> .....	26
6.1.6 <i>Hovudmål og tiltak kjøken:</i> .....	26
6.2 BUDSJETTILTAK .....	27
<b>7. SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT .....</b>	<b>28</b>
7.1 SAMFUNNSUTVIKLING .....	28
7.2 KULTUR OG FRIVILLIGSENTRAL .....	29
7.3 TEKNISK DRIFT .....	30
7.4 INTERKOMMUNALT LANDBRUKSKONTOR .....	31
<b>8. INTERKOMMUNALE EININGAR OG NAV .....</b>	<b>32</b>
8.1 NAV .....	32

8.2	INTERKOMMUNALT PLANKONTOR .....	33
8.3	BARNEVERN .....	34
<b>9.</b>	<b>KYRKJA .....</b>	<b>36</b>
<b>10.</b>	<b>KOMMUNALE AVGIFTER OG BRUKARBETALING .....</b>	<b>37</b>
10.1	GEBYR PÅ VAR-OMRÅDET .....	37
10.2	ANDRE AVGIFTER OG BRUKARBETALINGAR.....	40
<b>11.</b>	<b>FOND OG GJELD .....</b>	<b>42</b>
<b>12.</b>	<b>STILLINGAR.....</b>	<b>43</b>

# 1. Innleiing

## Rådmannen si innleiing

Budsjettarbeidet har dei siste åra i hovudsak dreia seg om å stogge kostnadsveksten og justere driftsnivå inn på ein berekraftig kurs. Likevel aukar vi noko på stillingar som er knytt opp mot enkeltbrukarar med store hjelpebehov.

Vi har ikkje lykkast i å få på plass kommunepsykologar i samarbeid med dei andre Vest-Telemark kommunane . Dette viser at vi er sårbare i forhold til å tiltrekke oss kompetanse på enkeltområde.

Det låge investeringsnivået dei siste åra har vore naudsynte, men og uheldig for framtidig utvikling. I neste økonomiplanperiode er det sett av meir til investeringar, noko som vil gje auka utgifter i form av renter og avdrag.

Det er sett av midlar til modernisering av Kviteseid skule. Arbeidet vil gjere skulen godt tilpassa dagens krav. På same tid vert det satsa på å løfte IKT som læringsplattform, noko som er naudsynt for å gje undervisning som er tilpassa dei utfordringane som elevane vil møte i framtida.

Av dei større satsingane i budsjett og økonomiplan er skulen den største. I tillegg er det sett av pengar til kommunale vegar. Dette har samband med at vedlikehaldsetterslepet er stor, men og nye krav til vegen i samband med større og tyngre lastebilar, samt kapasitet på grøfter og stikkrenner i samband med meir ekstremvær.

Innan for tenester for funksjonshemma er det sett av midlar til bygging av nye omsorgsbustader, i samband med fleire brukarar.

Vi veit det ligg store utfordringar framfor kommunen i året som kjem. Det vart inga kommunereform for Kviteseid sin del, men utfordringane knytt til effektivisering er like store. Det vert jobba med å finne alternativ for meir forpliktande samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark. Eit arbeid som er svært utfordrande, spesielt med tanke på lokalisering av arbeidsplassar. Samanslåing av NAV kontora er positivt, men eg ser gjerne at vi får til fleir samarbeid, men då helst innanfor meir administrative oppgåver.

Kviteseid kommune har så langt tatt imot 20 flyktningar. Kommunen har forplikta seg til å ta imot totalt 40 flyktningar i løpet av perioden 2016-2019. signala frå statleg hald er at det ikkje lenger er behov for denne tenesta neste år. Kommunen kan ikkje vente å få fleire flyktningar i 2019.

*Kviteseid 13.12.2018*

*Øystein Tveit*  
rådmann

## 2. Handlingsprogram 2019

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einskilde lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal planstrategi som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeide ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Vidare seier lova følgjande: ”*Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.*”

Med ny kommuneplan som legg opp til satsing på folketalsvekst, og spesielt i gruppa unge vaksne, er det naturleg at det budsjettet og økonomiplan også inneheld satsingar som rettar seg mot denne gruppa. I handlingsprogrammet kjem det fram at dette er prioritert, både i teksten, men og i budsjettdelen. Programmet er bygd opp av eit overordna handlingsprogram som gjeld heile den kommunale verksemda og handlingsplanar for dei ulike tenestene.

### 2.1 Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom plan- og bygningslova har kommunen fått eit særleg ansvar for å ”*sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses.*”

Slik skal handlingsprogrammet ikkje bare femne mål for den kommunale verksemda, men mål for den samla utviklinga av lokalsamfunnet. Eit fundamentalt grunnlag for eit livskraftig lokalsamfunnet er at tilhøva er slik at folk ynskjer å bu her. Kviteseid kommune har over tid hatt reduksjon i folketalet. Arbeidet for å snu denne utviklinga er viktig men krevjande. Det er derfor lagt inn eit mål om å stabilisere folketalet over tid. I fyrste omgang er det ikkje noko ambisiøst mål, men ut frå alderssamansetninga i kommunen krev dette ganske stor tilflytting. Slik sett synest dette som ei nøktern og realistisk målsetjing.

#### **Overordna mål:**

*Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn med gode kommunale tenester.*

#### **Resultatmål:**

*Ferdig med modernisering av Kviteseid skule.*

*Ferdig planlagt kommunale byggeområde.*

*Nye industriområde i Brunkeberg.*

*Stabilt folketal over tid.*

## 2.1.1 Folketalsutvikling

Ein av kommunen sine viktigaste oppgåver i tillegg til tenesteproduksjon, er å samordne sektorane si planlegging med sikte på å utvikle lokalsamfunnet. Ein grunnleggjande premis for all langsiktig planlegging av den kommunale verksemda er utviklinga av innbyggjartalet i kommunen.

Aldersgruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2030	2040
0-5 år	137	136	121	118	119	108	97	79
6-15 år	276	273	246	236	230	218	181	165
16-19 år	117	120	118	125	122	112	88	66
20-66 år	1501	1496	1488	1488	1463	1435	1280	1078
67-79 år	296	294	312	322	316	344	421	471
80 eller eldre	170	175	163	158	147	153	195	258
<b>SUM</b>	<b>2497</b>	<b>2494</b>	<b>2448</b>	<b>2447</b>	<b>2397</b>	<b>2370</b>	<b>2262</b>	<b>2117</b>

Tabell 1: Prognose folketalsutvikling

Tabell 1 viser SSB si framskriving av folketalsutviklinga i Kviteseid basert på låg nasjonal vekst. Det er verd å merke seg at den reelle folketalsutviklinga dei siste åra har vore svakare enn føresetnadane som denne prognosemodellen byggjer på. 2018 tal fram til 2040 er henta frå en ny SSB prognose laga juni 2018. Legg merke til den markante oppgangen i 2030 for gruppa 67-80+ (særleg 80+) og tilsvarande nedgang for gruppa 20-66 år.

År	Total 1.1	Fødde	Døde	Netto	Innflytting	Utflytting	Netto Flytting	Folke-tilvekst	Total Pr 31.12.
2011	2501	23	36	-13	126	115	11	-3	2 498
2012	2498	21	27	-6	133	116	17	9	2 507
2013	2507	20	35	-15	133	157	-24	-39	2 468
2014	2468	18	28	-10	105	97	8	-2	2 466
2015	2466	15	38	-23	120	115	5	-18	2 448
2016	2448	11	15	-4	59	61	-2	-6	2 442
2017	2442	17	40	-23	103	123	-20	-45	2397
2018	2397	10	12	-2	31	28	3	1	2398

Tabell 2: Endringar i folketal 2011 - 2018 (2018 =2.kvartal)

Tabell 2 viser reell utvikling siste åra. Med den samansetninga av folketalet som me har med relativt mange eldre og få i den alder som får barn, vil stabilisering av folketalet vera krevjande. Me ser i tabell 2 at me stadig har hatt netto fødselsunderskot, og at det er netto innflytting som eventuelt er det som kan føre til stabilisering eller vekst i folketalet. Når ein samtidig ser aldersgruppe utvikling i tabell 1 er det tydelig at trenden mest sannsynlig forsterkast.

Dei statlege overføringane til kommunen er styrt av kostnadsnøkkelen og folketalsutviklinga. Derfor er det slik at med den store folketalsveksten som Norge har, så må Kviteseid vekse i same takt som landet elles for at me relativt sett skal få vekst i overføringane. Under dei gjevne føresetnadane for folketalsutvikling og struktur, så er det påreknleg at overføringane relativt sett vil bli mindre i åra framover.

## 2.1.2 Overordna planlegging

Korleis Kviteseid skal møte desse store utfordringane knytt til folketalsutvikling, er eit viktig strategisk spørsmål for heile den kommunale verksemda. Godt planverk er eit viktig verktøy for å ta eit samla grep om dei utfordringar kommunen står overfor. På denne bakgrunn og på bakgrunn av alle dei ulike planane som kommunen skal utarbeide, er kommunen pålagt å lage ein kommunal planstrategi. Planstrategien er eit overordna strategisk dokument som skal ta utgangspunkt i dei utfordringar kommunen står overfor og peike ut kva for eksisterande planar som skal utarbeidast.

Arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplanen vart starta opp i 2012, men planen vart ikkje ferdigstilt før i 2018. Både folketal og folkehelseperspektivet er løfta fram som viktige tema.

Nedanfor er dei viktigaste hovudgrepa innan planlegging skissert.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Utarbeide planar i tråd med vedteken planstrategi</i>	<i>Vedtekne planar i tråd med strategien.</i>
<i>Ferdigstille kommunedel kulturminne</i>	<i>Plan vedteken 2019</i>
<i>Rullere arealdelen til kommuneplanen</i>	<i>Planarbeid ferdig 2019</i>

## 2.1.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen leverar sentrale tenester på svært mange område til innbyggjarane. Heile lokalsamfunnet vårt er avhengig av at den kommunale verksemda går sin gang uavhengig av uhell som skuldast teknisk svikt, menneskeskapte hendingar eller naturkatastrofar. Det er derfor viktig at kommunen har eit planverk som tek høgde for at slike hendingar kan oppstå.

**Mål:** *Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Opplæring i Cim</i>	<i>Alle kommunalt tilsette på kommunehuset må kjenne og kunne bruke CIM</i>
<i>Berdskapsøving</i>	<i>Ei øving i 2019</i>



Multisport 2013

## 2.2 Fokusområde Økonomi

Etter ein krevjande budsjettprosess har det ikkje lykkast å komme med et budsjettforslag som når dei økonomiske måla som vi har satt oss sjølv, unnateke sjølvkostgraden på 100 % over tid.

Målet om netto driftsresultat > 1,7 % vert ikkje nådd i denne økonomiplanperioden (2019: 0,77 %, 2020: 0,06%, 2021: -0,24%, 2022: -0,39%).

Det er ikkje sett av nokon buffer i budsjettet. Dette gjeld heile økonomiplanperioden.

Faktisk lånegjeld aukar som følgje av store investeringar på Kviteseid skule, og investeringar i utleigebustader.

<i>Økonomiske mål / mål for budsjettarbeidet</i>	<i>Resultatindikator</i>
<i>Budsjetta skal vera reelle og peike mot ein berekraftig kommune på lang sikt.</i>	<i>Netto driftsresultat &gt;1,7 %</i>
<i>Årsbudsjettet skal innehalde ein udisponert buffer.</i>	<i>Buffer = 1 mill kr</i>
<i>Dei kommunale avgiftene skal over tid liggje slik at dei gjev full dekningsgrad i høve til utgiftene.</i>	<i>Sjølvkostgrad 100 % over tid.</i>
<i>Gjelda ved utløpet av denne kommunestyreperioden skal ikkje vere over 100 mill 2006-kroner.</i>	<i>Faktisk lånegjeld</i>
<i>Rapportering av tiltak i handlingsprogrammet saman med tertialrapportane</i>	<i>Rapport om framdrift av tiltak i handlingsprogrammet saman med tertialrapportane.</i>

Når det gjeld dei kommunale avgiftene har me full dekningsgrad slik det var lagt opp til.

Gjeldsnivået er tidligare ikkje vurdert like viktig som dei 3 andre økonomiske måla. Med dei investeringane som ligg inne i budsjettet vil lånegjelda auke langt ut over det som er økonomisk mål.

I tillegg til dei økonomiske måla ligg det inne ei føring at utlysing av stillingar som ikkje går inn i stillingar som direkte handlar om liv og helse, skal vurderast av ADMU og formannskapet.



## **2.3 Fokusområde medarbeidar 2019**

### **2.3.1 Medarbeidarar**

Medarbeidarkapittelet skildrar kommunen som arbeidsgjevar. Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi handlar om våre verdiar: «Respekt, profesjonalitet og evne til nyskaping».

Arbeidsgjevarstrategi er dei verdiar haldningar og verkemiddel som kommunen brukar i samhandling med dei tilsette for å nå dei mål som er sett for den kommunale verksemda.

Overordna mål for Kviteseid kommune er effektive tenester av høg kvalitet.

### **2.3.2 Leiarutvikling**

Dyktige leiarar som utøver god leiing er viktig for å nå målet om tenester av høg kvalitet.

Kommunen har som mål å utvikle og styrke ei heilskapleg leiing på alle tenesteområde. Leiinga har fokus på samfunnsoppdraget, medarbeidarskap og omstilling og dette skal stimulere til ein utviklingsorientert kultur med innovasjon og meistring som drivkraft.

På leiarsamlingar fokuserast det på leiing, erfaringsdeling og refleksjon. Vi ønskjer å utvikle leiarar som meistrer rolla si og har fokus på dei daglege leiaroppgåvene. Målet er at leiarane har eit endrings- og utviklingsfokus, og engasjerer og motiverer medarbeidarar sine til å finne dei gode løysingane. Parallelt med dette vert våre leiarar utfordra til å løfte blikket, tenke heilskap og sjå moglegheiter i og utanfor organisasjonen.

Kommunen vil i 2019 ha eit særleg fokus på leiarutvikling for å sikre organisasjonen leiarar som på alle nivå meistrar jobben og samstundes forankrar leiingsperspektiv og leiingsprinsipp ut i organisasjonen.

### **2.3.3 Omstilling**

Kommunen ønskjer å ha sterkare fokus på organisasjonsstruktur og organisasjonskultur for å kunne møte framtidige utfordringar. Evne og kraft til omstilling både på individ- og systemnivå må styrkast for å oppnå ønskt effekt. Serviceinnstilling og innbyggjarorientering skal prege organisasjonen i alle ledd.

### **2.3.4 Lærlingar**

Kommunen har politisk vedtak om tre lærlingar kvart år og har som ambisjon å tilby ei målretta lærlingordning som medverkar til at lærlingar får fullført utdanning og tek fagbrev.

### **2.3.5 Likestilling og mangfald**

Kviteseid kommune skal føre ein arbeidsgjevarpolitikk som fremjar moglegheit for arbeid, lønn og utvikling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

I vår kommune set likestillingslova, diskrimineringslova og kommuneplanen overordna rammer for likestillingsarbeidet.

### **2.3.6 Heiltidskultur**

Den viktigaste innsatsen for å oppnå heiltidskultur handlar om å auke kunnskap og medvit. Det er naudsynt å endre haldningar og normer for å skape heiltidskultur i tråd med kommunen si målsetting om effektive tenester av høg kvalitet, må pasient- og brukarperspektivet vera det viktigaste i arbeidet med å endre arbeidskulturen i kommunen slik at vi auka andelen heiltidstilsette vesentleg.

### **2.3.7 HMS - Internkontroll**

Det er eit kontinuerleg mål å arbeide strukturert med HMS når det gjeld mål, rapportering og oppfølging.

HMS-måla må vera tydelege i den einskilde eining og vera godt kjend for alle medarbeidarar som arbeider der, både fast tilsette og vikarar. HMS må vera på dagsorden på personalmøte. Det er den einskilde leiar som har ansvaret for at tiltak vert gjennomført. Einingane rapporterer på måla i tertialrapporter og årsmelding.

AMU representantane si rolle skal vera tydeleg gjennom utarbeiding av oppdaterte mål og retningsliner. Gjennom dette blir AMU ein viktig arena for arbeid med nærvær og helsefremjande arbeidsplassutvikling.

Det er forventningar om at medarbeidarar på alle nivå melder frå om HMS avvik og at leiarar handterer, følgjer opp og lukkar avvik. Heile organisasjonen må få ei lik forståing for dette.

Kommunen har ønskje om å bruke Compilo kvalitets-/ avvikssystem som er eit levande elektronisk system der alle tilsette kan gå inn og melde avvik, ansvarlege leiarar skal lukke avvik og med ein kontrollfunksjon for øvste leiar. Det blir jobba for å få på plass ein ressurs til å setje i gang dette prosjektet i 2019.

### **2.3.8 Nærvær på arbeidsplassen**

Kviteseid kommune sitt mål på nærvær er 94 % ved utgangen av 2019.

Det skal vera fokus på nærvær og helsefremjande arbeidsplassutvikling. Det er viktig for å realisere kommunen sin arbeidsgjevarepolitikk og dei verdiar det blir lagt vekt på.

Eit av måla er å auke kompetanse og fokus i organisasjonen på helsefremjande leiing og utvikling av helsefremjande arbeidsplassar. Helsefremjande leiing handlar om menneske, om å motivere, inspirere og å leggja til rette for å nå resultat saman. Leiing tyder å handtere menneske og om korleis vi ser på arbeidsoppgåvene våre og kvarandre. Leiaropplæringa i kommunen må ha som mål å sette leiarar på alle nivå i stand til å meistre oppgåvene sine. Opplæringa skal og ha fokus på å fremja helse og førebyggje helseproblem relatert til arbeidet eller arbeidsmiljøet.

Det vil bli sett ekstra fokus på einingar/avdelingar i heile kommunen som har utfordringar med høgt sjukefråvær eller der ein i periodar har auka fråvær. Desse vil bli følgd opp.

Leiarar må ta «Den nødvendige samtala» for å vidareutvikle ein kultur der arbeidsmiljøet og auka kvalitet på tenestene er i fokus.

### 2.3.9 Program og målindikator for 2019 pr. eining:

Mål	Tiltak	Ansvar
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre årlege medarbeidarsamtaler med dei fast tilsette i kvar eining	Leiar med personalansvar på kvart nivå (einingsleiar, kommunalsjef/ økonomisjef, personalsjef, rådmann)
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med prosedyre i HMS-systemet. Redusere det totale sjukefråværet i høve til 2018	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå). Ved behov saman med personalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå)
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre min. 2 personalmøte pr. år	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av handlingsplan IA	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Verneombod og leiarar utan grunnkurs i HMS, skal gjennomføre dette	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Vernerundar og oppfølging av ev. avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå og lokalt verneombod
Systematisk HMS-arbeid	Lukke alle HMS-avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføring av målretta lovpålagte helseundersøkingar i samarbeid med Bedriftshelsen AS	Personalsjef/einingsleiar
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføring av helsetest av teknisk personell ved behov i samarbeid med Bedriftshelsen AS	Kommunalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Naudsynte kurs for å førebyggje sjukefråvær jf. HMS-plan for 2019 i samarbeid med Bedriftshelsen AS	Personalsjef

## 2.4 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er avgjerande for at Kviteseid kommune skal makte å tilby alle dei tenestene som staten krev at ein kommune skal levere. Innafor samfunnsutvikling er samarbeidet svært viktig for at Vest-Telemark skal få lyfte fram sine utfordringar for regionale og statlege styresmakter. Revisjonar og erfaring frå budsjettprosessar viser at det er eit potensiale for å utvikle rutinar for å styre våre interkommunale selskap på ein betre måte.

**Mål:** *Medverke aktivt til å utvikle Kviteseid som eit livskraftig bygdesamfunn gjennom samhandling med dei andre kommunane. Etablere like system og rutinar i alle kommunane i regionen.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Delta aktivt i Vest-Telemarkrådet med tilhøyrande samarbeidsprosjekt innafor dei rammer som økonomiplan og handlingsprogram dreg opp for perioden</i>	<i>Gjennomførte prosjekt der Kviteseid deltek.</i>
<i>Utvide samarbeid med Nissedal kommune innanfor rekneskap</i>	<i>Vedtatt samarbeidsavtale</i>
<i>Gjennomføre nye innkjøp av IKT-system i fellesskap i regionen.</i>	<i>Alle kommunane etablerer like system</i>

### 2.4.1 Tenestesamarbeidet

Tenestesamarbeidet er den del av samarbeidet som går direkte på utføring av lovpålagte tenester som barnevern, brannvern, renovasjon, pedagogisk psykologisk teneste, plankontor, landbrukskontor m.m. Få kommunar har så omfattande samarbeid som oss. Me har fått utvikla eit kvalitativt godt tilbod til innbyggjarane gjennom dette samarbeidet. På ei anna side er det krevjande å gje kommunestyret like god styringsinformasjon på desse områda som på dei fullkommunale tenestene. Arbeidet med å utvikle denne styringsdialogen blir derfor viktig.

**Mål:**

- ***Vidareutvikle dei etablerte samarbeidsinstitusjonane med sikte på å gje eit godt lokalt tenestetilbod***

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Vurdere selskapsform for dei interkommunale selskapa</i>	<i>Sak til kommunestyret</i>
<i>Oppdatere selskapsavtalene for våre sentrale interkommunale selskap med sikte på å etablere god styringsdialog mellom primærkommune og selskap</i>	<i>Nye avtaler godkjent av kommunestyret.</i>

## 3. Budsjett 2019 – økonomiplan 2020 – 2022

### 3.1 Tekniske føresetnader

Budsjettet 2019 byggjer på budsjett frå 2018, oppdaterte føresetnader, naudsynte konsekvensar, samt statsbudsjettet for 2019.

Alle opplysningar er oppdaterte pr. 31. oktober, så langt råd er.

I boksen nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort.

- Kostnadsauken frå 2018 til 2019, ofte kalla deflatoren, er berekna til 2,8 %. Han er sett saman av eit anslag på lønsvekst og prisvekst.
- Pensjonskostnaden for medlemmer i KLP er på 19,9 % for lærarar i SPK på 11,29 %.
- Arbeidsgjevaravgifta er fast på 10,6 %.
- Straumpris uendra i forhold til førre år.
- Eit relativ lågt men over planperioden litt stigande rentenivå.

### 3.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinngangen i 2018 nasjonalt er oppjustert til 160,33 mrd. kroner. Lokalt har vi dei siste to åra hatt skatteinngang som er høgare enn de nasjonal budsjetterte tall. Det er ingenting som tilseier at dette held fram. For 2019 har vi lagt inn en reduksjon på ca 3 %. For 2019 er det budsjettert med ein skatteinngang på 60,9 mill kr. I økonomiplanen (2020 -2022) er det lagt inn en nedgang i skatteinntekter på mellom 1,5 og 0,2 % som er i tråd med KS og Telemarksforskning sine berekningar.

Rammetilskotet går fram av forslag til statsbudsjettet for 2019 men vi bruker KS sin berekningsmodell for berekning av samla rammetilskot (inkl. skatt) p.g.a. at den er betre tilpassa dei lokale forholda (t.d. synkande innbyggjartall og endringar i kostnadsnøkkelen p.g.a. av demografien som er annleis (dårligare) hos oss enn for gjennomsnitt av kommunane. Vekst i frie inntekter til Kviteseid er berekna til 2,1% frå 2018 til 2019 og gjer at Kviteseid kjem dårlegare ut enn gjennomsnitt av det kommunale Norge. Veksten i frie inntekter er dermed lågare enn berekna kostnadsvekst (2,8%) På den positive sida vil Kviteseid få 1,5 mill. i skjønnsstilskot i 2018. Dette tilskotet ligg i samla sum rammetilskot inkl. skatt som for 2019 er berekna til kr 158,100 mill. (2018: 154,734 mill).

Det er framleis uvisse rundt skattlegging av linjenett og kraftverk. Frå 2019 vil eigedomsskatt for verk faller bort. Ein overgangsordning som skal gjelde i 7 år skal kompensere for bortfall av inntekter frå verk og bruk utenom linjenett og kraftverk. Linjenett og kraftverk blir frå 2019 ei eige beskatningsgruppe etter eigedomsskatteloven. I løpet av 2018 skal vi gjennomføre ein omtaksering av linjenettet som da blir grunnlaget for beskatning frå 2019. Denne omtakseringa er ikkje avslutta enda. Vi veit difor ikkje utfallet men reknar med at takstane vil gå litt ned p.g.a. at avskrivingsmetoden etter en dom i Høgsteretten må endrast. Rentenivået er framleis lågt, men har nå sidan haust 2018 litt stigande nivå. Norges Bank varslar at rentene stig dei neste åra, men ikkje dramatisk.

### **3.3 Konsekvensjustert budsjett**

Budsjettet er utarbeidd på den måten at det fyrst er gjort ein gjennomgang av budsjettet for alle einingane med sikte på å oppdatere tala til det kostnadsnivået som gjeld for 2019. Dette kallar me konsekvensjustert budsjett og det viser kva det kostar å vidareføre gjeldande driftsnivå. Det tyder at det er lagt inn reelle tal for ordinære driftskostnader og løn til dei stillingane som einingane disponerer. Det er dermed tal for faktisk lønsvekst som blir lagt inn og ikkje teoretisk berekna tal. I tillegg er det og lagt inn reelle tal for utgifter til ferieavvikling i dei døgnbaserte tenestene.

Dei tiltaka som rådmannen prioriterer er lagt inn og kjem fram einingsvis etter tiltaka frå gjeldande økonomiplan. Blant desse tiltaka er det og lagt inn aktive innsparingstiltak og korrigeringar i høve til nokon få men viktige nye tiltak.

Heilt til slutt i budsjettdokumentet kjem det fram tiltak som er lyfta fram, men som ikkje er teke inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

### **3.4 Investeringsbudsjettet**

I 2019 er det lagt opp til eit høgt investeringsnivå. Dette fører da til stigande gjeld med påfølgjande større avdragsutgifter og rentebelastning i driftsrekneskapet utover økonomiplanperioden.

Investeringsbudsjettet for 2019 er finansiert med både låneopptak, sal av tomter, overføring frå drift, bruk av fond og momskompensasjon på investeringar.

#### **3.4.1 Investeringar i 2019 - 2022 jfr. økonomiplanen**

**Kviteseid skule opprusting** – 33 mill. er sett av til oppgradering av Kviteseid skule, prosjektet skal vera ferdigstilt i løpet av året.

**Opprusting av kommunale vegar** – 2,5 mill. til dette prosjektet i 2019 og framover i planperioden kvart år.

**Tilrettelegging nye bustadområde** – 2 mill. i 2020 og 4 mill. i 2021

**Tilrettelegging nytt industriområde** – 0,5 mill. i 2019 og 1,5 mill. i 2020

**IKT infrastruktur** – 1 mill i 2019 og 0,5 mill. kvart år framover i planperioden

**Saneringsplan Vrådal** – 3,6 mill. i 2020 og 2,5 mill. i 2021 og 2,5 mill. i 2022

**Overvåking vann og avløp** – 0,6 mill. i 2019

**Morgedal RA** - 0,15 mill i 2019, 0,5 mill i 2020 og 5 mill i 2021

**Høgvoll VA** – 2 mill i 2020

**Brønn Hellebrui Vassverk** – 1 mill i 2019

**Investeringar etter plan Kviteseid sokn** – 1 mill i 2019 og kvart år i planperioden


## Rehabilitering VA Kvitsund – 5,6 mill. i 2019

**Diverse:** i tillegg til dei nemnde prosjekta her er fleire tiltak lagt inn lenger ut i planperioden (blant anna fassade kommunehuset (2021) og nytt bygg KOS inkl. vaskeri og fysioterapi (2021))

**Eigenkapital innskot i KLP** – berekna til 0,715 mill. i 2019 og framover

**Låneramma startlån** – 0,75 mill. i 2019 og framover

**Låneramma til investeringar** – i 2019 berekna til 37,290 mill. og i 2020 til 14,440 mill.. I heile planperioden 2019-2022 er låneramma berekna til 83,822 mill..



Figur 1 Kilde Varden

### **3.5 Driftsbudsjettet**

#### Hovudtal

Revidert budsjett for 2018 hadde ei netto ramme til bruk i drift på kr 159,1 mill. kr (2.revisjon). Det budsjettet som nå blir lagt fram for 2019 har ei netto driftsramme på 165,8 mill. Det er ein auke på 4,22 % som er langt over forventa inntektsvekst. Satsing på IKT i skule og barnehage, samtidig med ombygging av Kviteseid skule, vintervedlikehold av vegar, auka barneverns- og psykiatrigifter (knytt til enkelt tiltak) er noko av forklaring til denne auken.

Forventa netto driftsresultat for 2019 er på 1.980.744. I prosent av brutto driftsinntekter blir det da 0,77 %. I planperioden er det prognostisert negativ driftsresultat frå 2021. Vi ligg dermed langt under måltal som teknisk berekningsutval har sett (1,7%).

#### Utfordringar for budsjettarbeidet

Frie inntekter stig med 2,1% i 2019. Dette er lågare enn deflatoren på 2,8% (forventa prisstigning). Forventa nullvekst eller nedgang i innbyggartall og forverring i demografien fører til at Kviteseid ikkje kan forvente ei betring på inntektssida (rammetilskot). Det er også framleis ei uvisse rundt eiedomsrett jfr. punkt 3.2.

For å balansere drifta i det framlagte budsjettet foreslår rådmann å bruke disposisjonsfond med til saman kr 770.000,- i 2019 og med i alt kr 4.835.000 frå 2020 til 2022. Mykje av bruken i 2019 er knytt til ombygging av Kviteseid skule. Det satsast også på fiberutbygging i kommunen, men for utløyse et tilskot på ca 1,5 mill må Kviteseid bidra med eigne midlar, som da hentast frå disposisjonsfond.

Vedlagt stillingsoversikt viser at det vedtekne budsjettet for 2019 fører til ei auke på 2,43 årsverk.

Det er framleis lite rom for større vedlikehaldsoppgåver på bygg, men ein prøver å bruke tilgjengeleg ressursar på best mogleg måte.

#### Finansiering av investeringane

Investeringane er i hovudsak finansiert etter følgjande prioritering:

- Inntekter som følgjer investeringane (Mva komp, salsinntekter.)
- Låneopptak.
- Overføring frå drift (bare til finansiering av KLP eigenkapitaltilskot)

#### Brukarbetalingar

Husleiga auka stort sett med konsumprisindeksen. Andre endringar følgjer bare prisstigning og endringar av lovbestemte satsar. Når det gjeld vatn og avløp og feiing og renovasjon gjeld prinsippa om full brukarfinansiering. Normalgebyret (vann, kloakk, feiing og renovasjon) for husholdning som er knytt til kommunal vann og kloakk går ned med 2,5 % i høve til 2018 medan slamgebyret går opp med 10 %.



## 4. Politikk

### 4.1 Politisk verksemd

Tilrettelegging for god politisk styring av den kommunale verksemda er eit kontinuerleg fokusområde. Det gjeld også for dei interkommunale selskapa og tenestene.

I 2019 er målet å auke talet på sjåarar av kommunestyremøte, som vert direktesendt på Web. For innbyggjarane gir dette høve til å delta meir aktivt i det som skjer i kommunestyresalen. Kommunestyret har vedteke å redusere talet på kommunestyremedlemmar frå 21 til 17 frå neste kommunestyreperiode.

Dette vil føre til ein gjennomgang av delegasjonsreglement, og det vert viktig å få til ei god fordeling, slik at det politiske arbeidet vert interessant.

Politikarar har også behov for opplæring. Det må gjennomførast opplæring av nye politikararar etter valet i 2019.

### 4.2 Rådmann og fellestenester

#### Status og utfordringar

Kviteseid kommune har ein liten administrasjon. Få tilsette må løyse mange av dei same oppgåvene som i ein stor organisasjon. Det er ei krevjande utfordring, ikkje minst no når me i løpet av eit års tid har bytta ut nesten halvparten av dei kommunale leiarane. I tillegg til å yte tenester til kommunen sin eigne einingar leverar me økonomitenester både til PP-tenesta og kyrkja. Gode system og effektiv drift er naudsynt for å klare dette. Betre økonomistyring, oppgradering av IKT-systema og vidareutvikling HMS-systemet og andre personalrutinar blir viktig i året som kjem.

Nye arbeidsoppgåver innanfor arbeidet med flyktingar stiller krav til meir samhandling og nye rutinar innanfor fleir fagområde.

Mål: *Utvikle robuste og effektive støttetjenester til beste for innbyggjarar og tilsette slik at kommunen har ein effektiv og veldreven kommuneorganisasjon.*

#### Handlingsplan:

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane</i>	<i>Opplæring gjennomført</i>
<i>Utvide og formalisere IKT samarbeidet med Tokke og Vinje kommune</i>	<i>Felles infrastruktur. Dokumentasjon av felles løysningar Samarbeidsavtalar</i>
<i>Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse</i>	<i>Etablere eit fungerande IKT-system for skulen. Gjere helsetenestene i stand til å kommunisere elektronisk med andre</i>
<i>Fornye serverparken på IKT</i>	<i>Installert nye servarar</i>
<i>Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side</i>	<i>Ny heimeside</i>
<i>Lage gode overgangsordningar for flyktingar som skal ut i arbeid.</i>	<i>Talet på flykningar i ordinært arbeid</i>

## 5. Skule og barnehage

Skule- og barnehagesektoren i Kviteseid kommune leverar og organiserer desse tenestene:

- Barnehage 1-5 år
- Grunnskule for barn 6-16 år
- Kulturskule for barn 6-18 år (samt tilbod til vaksne dersom kapasitet)
- SFO for elevar i 1-4 klasse
- Vaksenopplæring/grunnskule for elevar med rett og/eller plikt (vi samarbeider med Seljord og Vinje kommunar)

### 5.1 Status og utfordringar i barnehage

Fakta om barnehagane hausten 2018:

Namn på eining	Tal på barn	Plassar*	Ledige plassar**	Tal på tilsette
Kviteseid barnehage	46	59	0	14
Brunkeberg barnehage	30	46	2	10
Straumsnes barnehage	12	17	1	5

\*Talet syner at barn under tre år tel som to plassar.

\*\* Per dags dato

Barnehagane ligg på kapasitetsgrensa med tanke på barnetalet. Vi ser at fleire som til hovudopptaket har Kviteseid barnehage som fyrsteønske, blir tildelt plass i Brunkeberg.

Hausten 2017 byrja arbeidet med implementering av ny rammeplan. Rammeplanen har status som forskrift (lov) og er forpliktande for barnehagane. Rammeplanen fortel kva som skal vera innhaldet i barnehagen. Den nye rammeplanen set tydelegare krav til barnehagane m.a. på områda mangfald, helse, språkarbeid og overgang til skule og SFO. Den presiserer ansvaret for å førebygge, stoppe og følgje opp arbeidet med mobbing i barnehagane, og har auka merksemd på dei minste barna.

**Kjelde:** <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

I Vest-Telemark samarbeider vi regionalt om kompetanseheving i barnehagane. Vi arrangerer ein planleggingsdag og to styrarsamlingar felles i Vest-Telemark årleg. Tema framover er i tråd med implementering av ny rammeplan og satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark.

I tillegg samarbeider dei seks Vest-Telemark kommunane om rettleiing av nyutdanna.

Barnehagane i Kviteseid har i fleire år jobba med «Språkløyper». Dette er kompetansehevingspakker utarbeida av Lese- og skrivesenteret ved Universitetet i Stavanger.

Kompetansehevinga gjeld heile personalgruppa og aukar personalet sin kompetanse til å systematisk stimulere og overvake barna si språkutvikling. Dette er i tråd med prinsippet om tidleg innsats. Arbeidet held fram i 2019.

Barnehagane held fram med å tilby symjeopplæring/vasstilvenning for 4. åringar, og tilbod om jobb i barnehagane til gitar på ungdomsskulen i haust- og vinterferien, såkalla «leikeressurs». Begge prosjekta får vi statleg støtte til å gjennomføre. Tilbod om symjeopplæring/vasstilvenning er i tråd med auka krav til symjeopplæringa på 1.-4. trinn, som trådte i kraft i fjor haust. «Leikeressurs» er sett i gang med tanke på å rekruttere fleire gitar til ei yrkesframtid i barnehagen.

Barnehagane er i gang med ei IKT-satsing. Det handlar om å bruke IKT og teknologi pedagogisk i barnehagekvardagen, der det er føremålstenleg. Vi legg m.a. opp til ei visningsflate i kvar barnehage, og personalet vil få opplæring i korleis nytte denne pedagogisk i kvardagen inn mot barna. I det høve er det behov for trådløst nett, noko barnehagane ikkje har i tilfredsstillande grad i dag.



Foto: Interaktiv

## 5.2 Status og utfordringar i skulen

### 5.2.1 Grunnskulen

Tal på elevar førre og inneverande skuleår:

	<i>Straumsnes oppvekstsenter (1.-4. trinn)</i>	<i>Brunkeberg oppvekstsenter (1.-4. trinn)</i>	<i>Kviteseid skule (1.-10. trinn)</i>	<i>Total</i>
<i>Haust 2017</i>	12	27	191	230
<i>Haust 2018</i>	9	31	178	218

*Kjelde:* GSI 2017 og 2018

I tråd med handlingsprogram for 2018, har skulane i Kviteseid jobba med ein strategi for digitalisering, som skal føre til at vi når måla om digital kompetanse i Kunnskapsløftet. Digital kompetanse er ein av fem grunnleggjande ferdigheter i skulen, og skal derfor arbeidast med i alle fag. I tillegg til manglande utsyr, systematisering og opplæring, er det utfordringar med trådløst nett som gjer arbeidskvardagen mindre effektiv for både elevar og lærarar. Dette hemmar læring.

Våren 2018 vedtok kommunestyret *Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren*. Med bakgrunn i denne, jobbar vi mot ei løysing med 1:1 nettbrett for alle elevar og lærarar og digitale visningsflater i alle klasserom. Det vil sjølvsagt bli lagt vekt på opplæring av personalet, for teknologi skal ikkje brukast ukritisk, men til å fremme læring. Vi samarbeider med ATEA i dette arbeidet, og med våre nabokommunar, Seljord og Nissedal, som er i gang med innføring av nettbrett hhv. frå 01.08.18 og 01.01. 19. Vi planlegg start hos oss frå 01.08.19, og brukar dette skuleåret til å forankre og førebu arbeidet, samt gje opplæring til både leiarar og personalet.

Det er viktig med ei heilskapleg satsing på IKT, som gjer at utgiftene i framtida blir føreseielege, og at vi slepp «økonomiske skippertak». Bare slik kan vi få til ei langsiktig utvikling av kompetanse hos lærarar og elevar. Vi legg derfor opp til leasing. Dette er svært økonomisk gunstig, og gjev ein fast sum i budsjettet i åra framover.

I samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark, er Kviteseid i ein innkjøpsprosess av nytt skuleadministrativsystem og, om vi ynskjer det, ny læringsplattform. Skuleadministrativsystemet vi har i dag heiter Oppad. Dette er eit system som ikkje lenger blir satsa på eller oppdatert av leverandøren, og det er heller ikkje i tråd med nye krav til personvernlovgjeving (GDPR). Læringsplattforma vår heiter Fronter, og denne blir heller ikkje utvikla vidare av leverandør.

Som barnehagane, jobbar også skule med kompetansehevingspakkene «Språkløyper». Frå og med førre skuleår var alle skular og avdelingar i gang med dette. Arbeidet vil halde fram i 2019. Det vil også bli jobba med å utvikle ein heilskapleg plan for arbeid med språk i barnehagane og skulane.

Frå hausten 2019 skal Kviteseid kommune byrje med «Liv og røre». «Liv og røre» i Telemark skal bidra til betre læring, trivsel og helse for barn og unge i skule og SFO.

Liv og røre i Telemark bygger på den forskningsbaserte [Active Smarter Kids \(ASK\)](#), ein modell for fysisk aktivitet i fag som eit metodeval og ei variert undervisning.

I tillegg bygger den på [Helsedirektoratets nasjonale faglige retningslinje for mat og måltider i skolen](#). Den seier både noko om gjennomføringa av skulemåltidet og om ernæringskvaliteten i mat og drikke. Haldningsarbeid i samarbeid med tannhelsetenesta og skulehelsetenesta er også ein del av «liv og røre». «Liv og røre» bidreg til ein time dagleg fysisk aktivitet, betre kosthald og eit betre psykososialt miljø i skulen.

Det er Telemark Fylkeskommune som står bak prosjektet. Etter kvart skal alle kommunane i Vest-Telemark inn i prosjektet, men sidan prosjektet følgjast av forskning, startar vi til ulik tid. Hausten 2019 er det Kviteseid, Nissedal, Fyresdal og Seljord som startar opp i vår region.

*Kjelde:* <https://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Folkehelse/Liv-og-roere-i-Telemark>



## 5.2.2 Felles satsingsområde for skule og barnehage

Alle skulane og barnehagane i Vest-Telemark deltek i pulje 3 av den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Satsinga er samlingsbasert og avsluttast våren 2021. Satsinga gjev økonomiske midlar til ei 20 % stilling for ressursperson i barnehage, og ei 20 % stilling for ressursperson på skule. På barnehagesida er ressurspersonfunksjonen lagt til fagleiar ved Straumsnes barnehage. På skulesida er ressurspersonfunksjonen lagt til sosiallærer ved Kviteseid skule. Sjølv om ressurspersonfunksjonen er tillagt ulike einingar, skal deltaking i satsinga kome alle skulane og barnehagane til gode. Dette vil bli konkretisert i plan for arbeidet, som ei arbeidsgruppe jobbar med å utarbeide hausten 2018. Den vil bli framlagt politikarane på nyåret 2019.

PPT deltek også aktivt inn i satsinga, saman med dei seks kommunane.

Her kan du lese meir om satsinga, om du ynskjer det: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/>

Tema i satsinga er også hovudfokus i Vest-Telemarksamarbeidet i det som på skulesida heiter *desentralisert ordning for kompetanseutvikling* og på barnehagesida heiter *regional ordning for kompetanseutvikling*. Kort fortalt handlar det om endringar i føringane for å få tildelt statlege kompetansemidlar. Det blir nå stilt to krav til kommunane, for å få tildelt midlar. 1. Det må vera eit regionalt samarbeid, ein kommune kan ikkje søke aleine. 2. Det må vera eit samarbeid med ein universitet- eller høgskuleinstitusjon. På barnehagesida er det i tillegg krav om at det må vera lokalt universitet/høgskule. I Vest-Telemark har vi gått inn i samarbeid med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) på både skule og barnehage.

## 5.2.3 Kulturskulen

Kulturskulen har inneverande skuleår 82 elevar og tilbodet er innan områda musikk og dans. I tillegg har dei eit tilbod til motorinteressert ungdom i samarbeid med Kviteseid Motorservice. For å løyse alle oppgåver trengs det mykje ulik kompetanse, og derfor er det 7 tilsette som samla sett har ein stillingsressurs på 2,7 årsverk, inkludert kulturskulerektor. Kulturskulerektor fullfører inneverande skuleår rektorutdanninga ved BI, «Leiarskap og omstilling i skulen».

Inneverande skuleår er det også ein tilsett i kulturskulen som tek vidareutdanning.

Kulturskulen nasjonalt er i omstilling, og det blir større krav til pedagogisk kompetanse og kompetanse i gruppeundervisning for dei tilsette. Til dette treng vi kompetanseheving i personalet. Vidareutdanning for tilsette i kulturskulen er underlagt same vilkår som for lærarane i skulen.

## 5.2.4 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje undervisning i norsk og samfunnsfag til dei som i fylgje introduksjonslova har rett og/eller plikt på det. Kviteseid kjøper denne tenesta av Seljord kommune. Vi har for tida sju elevar ved vaksenopplæringa i Seljord.

Vi har også inneverande skuleår fire elevar som gjeng på grunnskuleopplæring i Åmot, Vinje kommune.

### 5.3 Felles handlingsplan 2019 – 2021:

Område	Tiltak
Inkluderande barnehage og skulemiljø	<p><b>Barnehage og skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Delta i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark.</li> <li>-Delta i interkommunalt nettverk for ressurspersonane i satsinga.</li> </ul> <p><b>Skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Evaluere «Plan for eit trygt og godt skulemiljø i Kviteseidsskulane» med bakgrunn i erfaringar</li> </ul>
Språkkommune	<p>Skulane og barnehagane i Kviteseid kommune har fått prosjektstøtte til å jobbe med språk.</p> <p><b>Innsatsområde:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Tidleg innsats i barnehage og skule</li> <li>-Minoritetsspråklege barn og elevar</li> <li>-Overgang barnehage/skule</li> <li>-Utarbeide ein heilskapleg plan for arbeid med språk i barnehagane og skulane</li> </ul> <p>Nettstaden «språkløyper» blir ein sentral del av prosjektet.</p>
Organisasjonsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Skuleleiarar skal gjennomføre skulevandring</li> <li>-Det skal leggast til rette for at tilsette i leiarstillingar på oppvekstsektoren kan ta leiarutdanning</li> <li>-Arbeide for at oppvekstmøta (alle leiarane på sektoren) bidreg til fagleg utvikling</li> </ul>
Kompetanseheving	<p><b>Skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Skuleeigar tilbyr kompetanseheving for lærarane i tråd med kravet i nasjonale føringar og skulane sine behov</li> <li>-Deltek i nettverk for TPO-leiarar (spesialundervisning) i samband med felles prosjekt i Vest-Telemark</li> </ul> <p><b>Barnehage:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Barnehageeigar tilbyr tilsette i barnehagane kompetanseheving i tråd med revidert nasjonal strategi for kompetanse i barnehagane</li> <li>-Barnehagelærarar deltek på Fylkesmannen si opplæring i ny rammeplan</li> <li>-Deltek i samarbeidet i Vest-Telemark om ein felles planleggingsdag og to styrarsamlingar i regionen i året</li> </ul> <p><b>Kulturskulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kulturskuletilsette deltek på kulturskuledagane i regi av Norsk kulturskuleråd</li> <li>-Tilsette for tilbod om vidareutdanning</li> </ul> <p><b>Felles:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Sektoren har utarbeida plan for kompetanseheving 2017-2020</li> <li>-Skule og barnehage brukar «Språkløyper» som kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane og lærarar i skulen</li> <li>-Samarbeide med Universitetet i Sørøst-Noreg i desentralisert ordning/regional ordning for kompetanseutvikling for skule og barnehage</li> </ul>
IKT	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Utbetre nett-tilgangen på skulane og i barnehagane</li> <li>-Implementere «Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren» i Kviteseid kommune</li> <li>-Gå til innkjøp av nytt skuleadministrasjonssystem i samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Vera med på opsjon saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark om innkjøp av ny læringsplattform</li> <li>-Arbeide for pedagogisk bruk av teknologi i skule og barnehage</li> <li>-Innføre bruk av administrasjonssystem for kulturskulen</li> </ul>
Andre tiltak kvalitetsutvikling barnehagane	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Halde fram med implementere ny rammeplan m.a. i samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark.</li> <li>-Utarbeide ein felles mal for årsplan for alle barnehagane</li> <li>-Søke om midlar til vidare deltaking i prosjekt med symjing i barnehagen og «leikeressurs»</li> </ul>
Andre tiltak kvalitetsutvikling skule og SFO	<ul style="list-style-type: none"> <li>Starte opp med prosjektet «Liv og røre» frå hausten 2019.</li> </ul>
Elevmedverknad og brukarmedverknad	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane annakvart år. Neste gong i 2020</li> <li>-Etterarbeid og framlegg til tiltak etter gjennomføring av Ungdata-undersøkinga i 2018</li> <li>-Legge til rette for eit aktivt ungdomsråd</li> <li>-Gjennomføre elevundersøkinga på alle trinn frå 5.-10. klasse.</li> </ul>

## **5.4 Budsjettiltak**

### **Skule**

Sette i verk tiltak jf. *Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren* for auka læring i digital kompetanse i skule og barnehage. Leasing av digitale visningsflater og nettbrett.

Redusere med 40% stilling på Kviteseid skule frå 01.01.19 og 20% stilling på Straumsnes frå 01.08.19.

## **5.5 Biblioteket**

Biblioteket var våren og sommaren 2018 prega av ein gjennomgripande oppryddingsprosess, både fysisk i bokhyller og på systemnivå med registrering. Denne er nå avslutta. Det har kome utstyr for sjølvbetjening på biblioteket, og det er eit mål at dette kjem meir i bruk. På sikt ynskjer ein at det då bli høve til å låne bøker, også utanom opningstid. Det er også eit mål for biblioteket å auke bruken av dei digitale ressursane og arbeide for at biblioteket i aukande grad blir ein møtestad.

## 6. Helse og omsorg

### Status og utfordringar

Helse og omsorg i Kviteseid gjev tenester på mange ulike nivå og til mange ulike brukargrupper. Samhandlingsreforma gjev oss stadig nye utfordringar når det gjeld pasientbehandling og oppfølging. Pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehuset, og me må utføre fleire kompliserte pleieoppgåver. I tillegg viser utviklinga i brukarsamansetjinga at fleire treng eit større tenesteomfang. For å møte desse utfordringane er det viktig å ha rett kompetanse på rett plass til rett tid, og ha ein kontinuitet i tenesta.

Me vil i løpet av 2019 m.a. jobbe med eit prosjekt i velferdsteknologi saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark.

### 6.1 Handlingsplan for einingane

#### 6.1.1 Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O:

- Betre samhandling og nye samarbeidsformer for å sikre rett tiltak/teneste til rett tid
- Betre dokumentasjon og rapportering

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Utvikle betre overordna styring og rapporteringsrutinar på alle tenestene.</i>	<i>Minst 2 aktivitetsrapportar til hovudutvalet i 2019</i>
<i>Oppfølging av planstrategi: Helse- og omsorgsplan</i>	<i>Plan ferdig i løpet av året</i>

- Sikre likebehandling, rettstryggleik og profesjonell sakshandsaming for den einkilde søkjar av helse- og omsorgstenester
- Ha fokus på brukarmedverknad
- Medverke til betre ressursutnytting i sektoren
- Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid for personar med trong for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Halde fram med arbeidet med å byggje opp eit kvalitetssystem</i>	<i>God kvalitetssikring av sakshandsaminga</i>
<i>Arbeide for auka kompetanse innan sakshandsaming i tenestekontoret og koordinerande eining</i>	<i>Betre sakshandsaming og vedtak for den einkilde søkjar. Betre tverrfagleg samarbeid kring personar med langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester</i>
<i>Undervise einingane i helse- og omsorg i IPLoS-rapportering og KPR</i>	<i>Betre sakshandsaming og betre rapportering til sentrale styringsmakter</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kriterier for tildeling av tenester</i>	<i>Likebehandling av søkjarane av tenester</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kompetanseheving og rettleiing av koordinatorane</i>	<i>God koordinering av tenestene til den einkilde brukar</i>
<i>Ferdigstille plan for habilitering/rehabilitering og få på plass eit primærhelseteam/evt hverdagsrehabiliteringsteam</i>	<i>Sikre forsvarlege tenester til personar med trong for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgstjenesteloven og pasient- og brukerrettighetsloven</i>
<i>Halde fram arbeidet med ROS analyse</i>	<i>Risikoområde i arbeidet med sakshandsaming og arbeidsmiljø skal verte kartlagde</i>



### 6.1.2 Hovudmål og tiltak for helsetenestene:

Helsetenestene som blir gjevne skal vera av god kvalitet. God kvalitet inneber at tenestene:

- Er verknadsfulle
- Er trygge og sikre
- Involverer brukarane og gjev dei medverknad
- Er samordna og prega av kontinuitet
- Utnyttar ressursane på ein god måte
- Er tilgjengelege og rettferdig fordelt

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Halde fram det tverrfaglege samarbeidet internt og eksternt</i>	<i>Gode og samordna tenester</i>
<i>Kontinuerleg kontrollere og revidere HMS- og kvalitetssystemet på alle fagområda</i>	<i>Trygge og gode tenester, i tillegg til eit trygt og godt arbeidsmiljø med lågt jobbrelatert sjukefråvær</i>
<i>Arbeide med systematisk kompetanseheving hjå dei tilsette. Meir praktisk trening</i>	<i>God fagleg kvalitet på tenestene</i>
<i>Tilby rett teneste, på rett måte og til rett tid</i>	<i>God ressursutnytting og rettferdig fordeling av tenestene</i>
<i>Gjennomføre brukarundersøking ved legekantoret</i>	<i>Brukarundersøking gjennomført</i>

### 6.1.3 Hovudmål og tiltak KOS

- Bebuarane skal få tenester som tek omsyn til den einskilde sin rett til sjølvbestemming, eigenverd og livsførsel, og sikre at medisinske behov vert ivaretekne
- Bebuarane skal få eit mest mogeleg normalt liv, med normal døgnrytme og høve til å koma ut, og naudsynt hjelp til hygiene
- Bebuarane skal få eit variert og tilstrekkeleg kosthald og tilpassa hjelp ved måltidet

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Korttids/rehabiliteringsavdeling – opptrening etter t.d. lårhalsbrot</i>	<i>Pasienten kan koma heim tidligare med rett opptrening</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>

### 6.1.4 Hovudmål og tiltak heimetenestene:

- Innbyggjarane skal få bu heime så lengje dei sjølve ynskjer det, og få eit fagleg individuelt tilpassa tenestetilbod
- Innbyggjarane skal få rett hjelp til rett tid og ei føreseieleg teneste med høg kvalitet og kontinuitet

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Fleksibel bruk av personalressursen i heimetenesta</i>	<i>Betre og meir robuste tenester. Meir effektiv drift</i>
<i>Fortsetje med systematisk kompetanseheving av alle tilsette. Meir praktisk øving</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>
<i>Implementere «Livets siste dager» - plan for lindring i livets slutfase Opplæring av legar og helsepersonell</i>	<i>Betre kvalitet på omsorg til døyande brukarar Betre ivaretaking av pårørande</i>
<i>Systematisk ernæringskartlegging av alle brukarar</i>	<i>Førebyggje under- og feilernæring</i>
<i>Samarbeide/deltaka i NOKLUS-prosjekt (norsk kvalitetsforbedring av laboratorieundersøkelser)</i>	<i>Kvalitetssikring av laboratoriearbeid i heimetenesten</i>
<i>Ta del i «Akuttkjedeprojektet» i Telemark. Ei samanhengande kjede igjennom heile det akutte forløpet</i>	<i>Kvalitetsikring og betre behandling ut til brukar ved akutt sjukdom</i>
<i>Auke tilbodet ved dagsenter for heimebuande demente med 6 plassar</i>	<i>Fleire brukarar får eit tilpassa dagaktivitetstilbod. Avlasting for pårørande</i>

### 6.1.5 Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:

- Gjeva brukarane eit heilskapeleg og individuelt tilrettelagd tenestetilbod
- Yte tenester med høg etisk og fagleg kompetanse

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjeva bustad med oppfylgning til utviklingshemma som har trong for det</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i>
<i>Planlegging av nye bustader</i>	<i>Bygging av nye bustader i 2021</i>
<i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette. M.a. bruke: Mitt livs ABC – perm 2</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>

### 6.1.6 Hovudmål og tiltak kjøken:

- Tilby variert mat av høg kvalitet tilpassa brukarane.
- Vera tilgjengeleg for brukarane, tilby ynskjekost/spesialkost.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i>	<i>Meir effektiv drift. God utnytting av personalet</i>
<i>Jobbe med å utvikle 4 måltid pr. dag</i>	<i>Gjeva brukarane næringsrik, variert heimelaga mat. God matoppleving</i>
<i>Energisparing enøk, medviten bruk av elektrisk utstyr</i>	<i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i>
<i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i>	<i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i>
<i>Dokumentere innhald av allergener i all type mat</i>	<i>Betre mattryggleik for personar med matallergi/intoleranse</i>

## **6.2 Budsjettiltak** – ikkje lagt inn i rådmannen sitt framlegg

### 3107 – Sjukepleiar/sakshandsamar i 100% stilling

Arbeidsmengda ved tenestekontoret er for stor, m.a. med oppgåvene som er overteke frå NAV. Det er ikkje mogeleg å jobbe forsvarleg med lovpålagte oppgåver slik me er bemanna i dag.

### 3205 – Ergoterapeut i 100% stilling

I samband med samhandlingsreforma der pasientane vert skrivne tidlegare ut frå sjukehus, og at kommunane har fått stadig fleire oppgåve på m.a. rehabilitering av pasientar, er det stor trong for ei 100% stilling som ergoterapeut.

Me manglar i dag både kompetanse og ressursar på rehabiliteringsområdet. Det er varsla at det vert lovpålagd frå 2020 å ha ergoterapeut i kommunane.

### 3205 – Fysioterapeut i 100% stilling

Kviteseid kommune har to 100% stillingar som fysioterapeut. Den eine stillinga vert gjort om fast til eit 100% driftstilskot fysioterapi frå 2019.

Det har vore og er ventetider for å få fysioterapibehandling, og me har og har hatt sjukmeldingar grunna eit særst høgt press på tenesta.

I samband med at pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehuset er det stor trong for betre kapasitet på fysioterapitenesta for å kunne setje i gang med m.a. rehabilitering så raskt som mogeleg. I tillegg har me ei gruppe med barn og unge med særskilde behov, som treng meir fysioterapi. Me ser det slik at det ikkje vil bli mindre etterspurnad etter fysioterapi vidare fram, og at kommunen vil ha ei stor utfordring på dette feltet framover dersom ikkje kapasiteten vert styrka.

### 3503 – Dagstilling for assisterande einingsleiar

Grunna for stort arbeidspress over mange år for einingsleiar, så er det trong å flytte assisterande einingsleiar over på dagtid for å kunne fordele arbeidsoppgåver.

Assisterande einingsleiar jobbar i 60% stilling med brukarane, og me treng difor ei styrking på 60% stilling for å få dette til. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

## 7. Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalsamfunnet. Det femnar arbeid med å oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sikre god vassforsyning, ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde.

Det å legge forholda til rette for personar som ynskjer å flytte til Kviteseid, vite kva som er avgjerande for tilflytting, ha lokalkunnskap om arbeid og bustad for dei som ynskjer å flytte hit og stimulere til bustadbygging, er sentrale oppgåver for administrasjonen i Kviteseid kommune. Det er sjølvstøtt ein føresetnad å ha eit robust næringsliv, varierte kulturtilbod, valfridom innan bustadmarknaden og god profilering av kommunen for å gjera kommunen attraktiv og for å rekruttere fleire innbyggjarar. Det arbeidet som blir gjort på dette området er difor eit viktig bidrag til å oppretthalde ein livskraftig kommune.

### 7.1 Samfunnsutvikling

#### Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Arbeidet med å gjera Kviteseid til ein meir attraktiv stad med aktiv næringsutvikling og stabilt folketal, er og blir ei stor utfordring for kommunen som heilskap og for eining for samfunnsutvikling og teknisk drift spesielt. Ein stor og viktig del av arbeidet er å leggje til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemdar i kommunen.

Reiselivsnæringa som er viktig for Kviteseid, har framleis store utfordringar når det gjeld økonomi og marknad. Konkurransen er stor, og det er ei utfordring å nå ut i marknaden med dei lokale tilboda. Arbeidet med å samordne organiseringa av reiselivet nasjonalt og regionalt har teke tid. Kviteseid kommune og dei andre Vest-Telemark-kommunane er representert i fylkeskommunal arbeidsgruppe som har dette på dagsorden framover.

Det er jobba hardt med å få eit felles destinasjonsselskap «VisitTelemark». Målet med dette er at vi saman kan nå nye målgrupper som vil besøke Telemark. Arbeidet er inne no i slutfasen.

Både innanfor næringsutvikling generelt og innanfor reiseliv spesielt går det føre seg eit tett samarbeid. Internt i kommunen med eit nyoppretta Marknadsråd med representantar frå reiselivsnæringa i Morgedal, Vrådal og Kviteseidbyen. I tillegg er det jamlege møte mellom kommunane i regionen.

#### **Handlingsplan 2019:**

**Mål:** *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Følgje opp vedteken strategisk næringsplan for Vest-Telemark og strategisk næringsplan for Kviteseid</i>	<i>Gjennomføre tiltaka i planane.</i>
<i>Halde fram samarbeidet med Telemarkskanalen som Regionalpark</i>	<i>Større trafikk på og ved kanalen i Kviteseid</i>
<i>Følgje opp arbeidet med det interkommunale turvegprosjektet Vandre Telemark</i>	<i>Vidareutvikle Dalaåi Turveg i 2019. Marknadsføre turvegane..</i>
<i>Bygging av bustader Husstøyl</i>	<i>Ferdig bygg 2019.</i>
<i>Modernisering Kviteseid skule</i>	<i>Ferdig bygg i 2019</i>

### **Tiltak i det bunde næringsfondet og i det frie næringsfondet:**

Som det går fram av oversikten over næringsfondet (sjå eigen tabell i taldelen), har det etter kvart vorte ein del tiltak som ligg inne med faste løyvingar; slik det har vore tidlegare. I tillegg til ein del søknadar gjennom året blir dette ei omfattande tilskotspakke fordelt på nyetablerarar og stimulering av eksisterande verksemder.

Vi har to næringsfond; fritt næringsfond, bunde næringsfond.

### **Tiltak innanfor det fylkeskommunale næringsfondet:**

Det er signal om at det fylkeskommunale næringsfondet er usikkert pga innsparingar i Telemark fylkeskommune og varsla reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane i Statsbudsjettet. Telemarkskanalen regionalpark, heilårsdrift av turistinformasjonen i Vrådal og tilskot til M/S Fram har frå Kviteseid kommune vore prioritert i dette næringsfondet.

## **7.2 Kultur og frivilligsentral**

Kulturområdet vårt femnar om bibliotek og arbeid med utvikling og støtte til frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Forvaltingsoppgåver knytt til spelemidlar og kulturmidlar er viktige element i dette arbeidet. Det er ei utfordring å ha nok ressursar administrativt til å gjere eit etterspurt arbeid innan kulturfeltet. På kulturområdet har strategien vore å gje moderate økonomiske tilskot som støtte til lag og organisasjonar.

Kviteseid kommune har tilsett frivilligkoordinator i 50% stilling. Frivilligkoordinator skal koordinere arbeidet mellom frivillige lag og foreiningar, bidra til å søkje om eksterne midlar, fylgje opp og gjennomføre politiske vedtak. Frivilligkoordinator har samarbeid med «Råd for frivillig arbeid i Kviteseid kommune». Rådet vert aktivt bruka som rådgjevande organ i saker som handlar om det frivillige arbeidet.

Arbeidet med frivilligplan for 2018-2022 er ferdig, og denne ligg på kommunens heimeside.

### **Handlingsplan 2019:**

**Mål:** *Kviteseid kommune skal gjennom aktiv støtte til lag og organisasjonar medverke til eit godt og variert kulturtilbod i kommunen.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement innan kultur så langt ressursane strekk til.</i>	<i>Aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar til å søkje om eksterne midlar.</i>	<ul style="list-style-type: none"><li><i>Kurs i samarbeid med VT-rådet.</i></li><li><i>Tilgang til "Tilskuddsportalen"</i></li></ul>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt. Mangfaldig kulturliv.</i>	<i>Handsame innkomne søknader</i>
<i>Saman med lag og organisasjonar gje dei eldre i kommunen gode kulturelle tilbod.</i>	<i>Søkje om tilskot via Den kulturelle spaserstokken</i>

### 7.3 Teknisk drift

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og til egne driftseiningar.

Kommunale bygg og kommunale vegar har gjennom fleire år hatt knappe ressursar, slik at ein framleis slit med eit **store og aukande etterslep** når det gjeld **vedlikehald**. Konsekvensane er at det blir dyrare når ein må gjere noko. Vedlikehaldsbudsjettet krev strenge prioriteringar når det gjeld bruk av midlar, og det er difor vanskeleg å tilfredstille brukarane sine forventningar i alle samanhengar. Teknisk drift har utfordringar med at det til trass for budsjettkutt og færre tilsette, er like mange anlegg, bygg og vegar som krev vedlikehald utan at det er gjort kutt i dei tenestene me skal yte til brukarar og innbyggjarar.

Klimaendringane kan gje store utfordringar på vegar og anlegg. Det er difor ei viktig og prioritert oppgåve å gjere jamlege og førebyggjande tiltak, og kommunen må ha vegar som toler nedbørsintensiteten og nedbørsmengda framover.

Vidare oppgradering av standarden på kommunale vegar er eit mål framover.

Det er tilsett ny kommunalsjef for samfunnsutvikling og teknisk drift, noko som har ført til at me no søker etter ny avdelingsingeniør. I tillegg skal arbeidsleiaren ha permisjon etter jol.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt.

Ei utfordring for oss er å gje tilbod om kurs til røykdykkarane våre. VT Brannvesen prøver å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkarane i Vest-Telemark i tillegg til at røykdykkarane må til Grenland på øving om lag annankvart år.

Det vert halde fram med å leggje til rette for å auke utdanninga av deltidsbrannpersonell som er født etter 1.4.1958 (det såkalla grunnkurset). I statsbudsjettet er det forslag om overføring av pengar til dette. Der det er interkommunalt samarbeid om brannvesen slik som i Vest-Telemark, blir pengane fordelt til vertskommunen. Det vert lagt til grunn at vertskommunane syter for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.

Arbeidet med saneringsplanen i Vrådal held fram. I år har me erstatta den eksisterande pumpestasjonen på Straand, og lagt ny kloakkpumpeleidning over til reinseanlegget.

### Handlingsplan 2019

**Mål:** *Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2019</i>	<i>Prosjekt ferdige</i>
<i>Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg</i>	<i>Utnytte vedlikehaldsbudsjettet for 2019</i>
<i>Utarbeide eit opplegg for å marknadsføre ledige tomter på kommunen si heimeside</i>	<i>Synleggjere oppdaterte opplysningar om ledige tomter på kommunen si heimeside</i>
<i>Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet</i>	<i>Fylgje opp og lukke avvika</i>
<i>Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.</i>	<i>Heva kompetanse for brannmannskapa</i>
<i>Følgje opp føresegnene for vatn og avløp</i>	<i>Nye abonnentar</i>

## 7.4 Interkommunalt landbrukskontor

### Status og utfordringar

Det grovfôrbaserte husdyrhaldet er viktig for kulturlandskapet, men har fleire utfordringar: For sauehaldet er det mellom anna rovdyrproblematikken, lågt forbruk og dårlege produsentprisar for sauekjøt. Samtidig blir det rådd til at vi skal bruke mindre raudt kjøt av omsyn til klimaet.

Utfordringa for landbrukskontoret er å ha ressursar til utviklingsarbeid i tillegg til å utføre kontrollar, planar og sakshandsaming, som vert kravd frå andre offentlege etatar og er lovpålagt. Samordning av dei regionale miljøtilskota med Vestfold er ei særleg utfordring i 2019.

Signala frå Landbruks- og matdepartementet om at kommunane i sterkare grad må følgje forskrifta om eit berekraftig skogbruk, står framleis ved lag. Det gjeld særleg oppfølging av foryngingsplikta etter hogst. Landbrukskontoret held fram å vere aktiv deltakar i EU sitt vassdirektiv gjennom arbeid i vassområda våre.

### Delmål for planperioden:

*Gjeldande landbruksplan har desse hovudmåla:*

- *Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samtidig som ein tek vare på miljøet, matjorda og kulturlandskapet.*
- *Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.*
- *Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing, næringsutvikling og gode levekår.*
- *Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse, som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Oppdatere og rette feil fortløpande i AR5 , landbruksregisteret og matrikkelen. Oppdatere areal- og eigedomsregisteret i jaktssamanheng i samarbeid med plankontoret, Fylkesmannen og Institutt for skog og landskap</i>	<i>Oppdatert kartverk som grunnlag for sakshandsaming og tildeling av tilskot</i>
<i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta, og følgje opp aktiv ungskogpleie som godt skogskjøtselttak.</i>	<i>Omfanget av utført skogkultur</i>
<i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Hovudsak å finne eigna fagperson til faghjelp i samarbeid med AT skog</i>	<i>Auka skogkulturaktivitet</i>
<i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre</i>	<i>Oppfølginga av den vedtekne tiltaksplanen</i>
<i>Rullering av hjorteviltplan for Kviteseid</i>	<i>Ny plan ferdig våren 2019</i>
<i>Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere registeret</i>	<i>Regelmessig (årleg) kontroll</i>
<i>Følgje opp vedteken landbruksplan og Telemark fylkeskommune si landbruksmelding</i>	<i>Gjennomført tiltaksdel</i>

## 8. Interkommunale einingar og NAV

### 8.1 NAV

#### Status og utfordringar

NAV Kviteseid er bemanna med 2,8 stillingar på statleg side, der 0,5 er finansiert av kommunen og 1,4 på kommunal side. En statleg tilsett har 40% permisjon frå si 100% stilling som er delfinansiert av kommunen. I tillegg er det 100% leiarstilling som er delfinansiert mellom stat 55,3% og kommune 44,7%.

NAV Kviteseid og NAV Nissedal skal vere samlokaliserte frå 01.01.2019.

Frå 01.01.2020 vert NAV Vest-Telemark samlokalisert i Tokke. Det er eit mål at desse flytteprosessane ikkje skal gå ut over tenesteproduksjonen.

#### Handlingsplan:

**Mål 1:** *Tilby betre service til arbeidsgjevarar/næringslivet ift rekruttering, informasjon, oppfølging av sjukemeldte m.m., og finne betre løysingar for innbyggjarar som vil ha behov for arbeidspraksis.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Ha kontakt med minst 10 lokale bedrifter pr mnd. for utveksling av informasjon</i>	<i>Tal på bedriftskontaktar per måned. Resultat synleg i statistikk</i>
<i>Raskt tilbakemelding til arbeidsgjevarar som har meldt behov for arbeidskraft</i>	<i>Tilbakemelding seinast neste dag, om ikkje anna er avtalt. Respons på ønskje om kontakt synleg i statistikk</i>

**Mål 2:** *Medverke til raske og gode avklaringar og løysingar for innbyggjarar med sjukemelding eller arbeidsavklaringspengar.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>Avtale møte for avklaring og opplæring av nye legar ved legekantoret</i>	<i>Ny lege skal ha hatt møte med NAV innan 2 veker etter oppstart.</i>
<i>Avtale faste samarbeidsmøte med legane ved legekantoret.,</i>	<i>Skal ha gjennomført samarbeidsmøte før utgangen av juni og utgangen av året.</i>
<i>Arbeide for at spesialisthelsetenesta, spes. DPS, deltek på dialogmøte i enkeltsaker</i>	<i>DPS er representert i avklaringsmøte der psykiatri er viktig grunn til sjukemelding.</i>
<i>NAV kantoret lagar samarbeidsavtale med DPS.</i>	<i>Skal være ferdig våren -19.</i>

**Mål 3:** *Arbeide for å gjere innbyggjarar mindre avhengig av sosialstønad, spes. ungdom.*

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
<i>God oppfølging av brukarar som ikkje har arbeid eller går på statleg støtteordning.</i>	<i>Utbetalt sosialstønad i 2019 skal vera mindre enn nivået for same periode i 2018.</i>
<i>Alle sosialstønadmottakarar under 30 år skal vera i aktivitet.</i>	<i>Alle sosialstønadmottakarar er i aktivitet.</i>



## 8.2 Interkommunalt plankontor


### Status og utfordringar:

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innom arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Hovudutfordringane også i 2019 vil vere å sikre søkarane føreseielege vilkår ved å halde dei lovpålagte fristane i saksbehandling innom desse forvaltingsoppgåvene, samstundes som kontoret skal vere ein medspelar i overordna planprosessar rundt arealforvaltning og generell samfunnsutvikling.

### Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan- oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunen sitt hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggest til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfølging og kontroll av gitte utsleppsløyve for avlaupsvatn.

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatindikator</b>
Rullere arealdelen til kommuneplanen	-Arealdelen rullert innan fyrste halvår 2019
Ny FKB-kartlegging for heile kommunen (Geovekst-investeringsprosjekt)	Kartlegginga ferdig våren 2019
Yte god service gjennom rask og god sakshandsaming	Ingen brot på lovfaste fristar
Oppdatere kommunens heimeside innom byggesak	Oppdatering når ny heimeside er klar
Gjennomføre tilsyn i byggesaker	Minst tre tilsyn gjennomført
Kontroll av utsleppsløyve	Minst eitt objekt kontrollert



Ny arealplan er eit viktig satsingsområde i 2019

### 8.3 Barnevern

*Barnevernet skal vera ein garanti for at utsette barn og unge får omsorg, tryggleik og gode utviklingsmoglegheiter.*

#### **Status og utfordringar.**

I barnevernlova § 1-4 blir det presisert at tenester og tiltak skal vera forsvarleg. Kva som er forsvarleg vil blir utleda av kva som er best praksis. Det blir stilt store krav til brukarmedverknad, kompetanse og dokumentasjon om at tenesta driv forsvarleg.

Det har dei siste åra vore auka fokus på saker der det er mistanke om at barn er utsett for vald og/eller overgrep. Avvergeplikta er vesentleg i denne samanheng. Barnevernet må ha kunnskap og metodikk til å møte kvar enkelt sak på ein fagleg god måte. Politi, barnehus og barnevern må jobbe tett saman og ha gode samarbeidsrutinar. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

Det er eit mål at foreldre skal gje barna sine trygg og god omsorg. Nokon foreldre treng omfattande oppfølging og hjelp for at omsorga skal bli god nok. Det er eit mål å koma tidleg inn med hjelpetiltak før situasjonar blir for krevjande. Både helsesyster, jordmor og tilsette i barnehage er viktige for å fange opp utfordringar og gje foreldre oppfølging tidleg og om mogleg kunne bidra slik at foreldre ikkje treng hjelp frå barnevernet.

Barn som kommunen overtek omsorga for og plasserer i fosterheim har som oftast levd med store belastningar i livet, noko som gjev mange utfordringar. Oppfølginga barna og fosterheimane får er vesentleg for å sikre god utvikling for det enkelte barn. Barnevernet søker først i slekt og nettverk etter fosterheim når eit barn må flytte. Der vi ikkje finn plasseringsalternativ i slekt eller nettverk må vi søke Bufetat om fosterheim. Barn kan bli lenge i ein uforsvarleg situasjon fordi Bufetat ikkje klarer å skaffe eigna fosterheimar. Når barnet er plassert må vi sikre at barnet, fosterforeldre og biologiske foreldre får den oppfølginga dei har behov for og som lova krev. Vi må sikre at plasseringa fører til ein stabil og trygg omsorgssituasjon til beste for det enkelte barnet. Barnevernet må sørgje for at kvar enkelt plassering ikkje bli oppretthalde lenger en det er behov for.

Auke i ressurskrevjande oppgåver medfører at vi må jobbe meir målretta for å fylle krava i barnevernlova. Vi ser og at det er viktig å ha fokus på kjerneoppgåvene i barnevernlova, slik at dei barna og familiane som har mest bruk for hjelp får den hjelpa dei har behov for.

Det er stort fokus på brukarmedverknad i barnevernet. Barna og ungdommane sine meiningar og ønskjer skal komme tydeleg til uttrykk i beslutningar i kvar enkelt barn si sak. Det er eit mål at barnevernet har kompetanse og metodar som fører til at barn og ungdom er tydeleg tilstade i eiga sak.

#### **Handlingsplan:**

<b>Tiltak</b>	<b>Resultatmål</b>
<i>Barnevernsamarbeidet skal oppfylle lova sitt krav om å gje ei forsvarleg teneste til barn og unge og familiane deira.</i>	<i>95% av undersøkingane innan 3 mnd 90% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan 90% skal fylle krav til evaluering 100 % av barn under omsorg skal ha omsorgsplan 100% av alle fosterbarn skal ha minimum 2 eller 4 oppfølgingsbesøk 100% av alle fosterbarn skal ha minimum 2 eller 4 tilsynsbesøk.</i>

*Ha fokus på brukarmedverknad og barnas stemme i kvar enkelt sak.*

*Ein medarbeidar har fått kompetanse i å drive opplæring i barnesamtalen(DCM). I 2019 fullfører to medarbeidarar opplæring i bruk av denne metoden. Barnesamtalen (DCM) er ein av fleire metodar vi brukar i samtaler med barn og ungdom. Dette gjer vi for å ha betre kompetanse til å snakke med barna og ungdomane i krevjande situasjonar. Alle tilsette i Barnevernsamarbeidet skal ha opplæring i familieråd. Metoden blir nytta i beslutningsprosessen i ei barnevernssak. Barnet/ungdommen, familien og nettverket er hovudaktørar i familierådet.*

Milepælar for å oppfylle lova sitt krav til tverrfagleg samarbeid blir lagt inn i årshjulet for Barnevernsamarbeidet. Barnevernsamarbeidet skal delta i tverrfagleg arbeid i alle kommunane.

### **Tiltak administrasjon Barnevernsamarbeidet.**

Kviteseid kommune har over tid hatt fleire alvorleg saker der kommunen har måtta overta omsorga for barn eller ungdom. Dette er krevjande saker før det blir så alvorleg at det blir fremja sak for Fylkesnemnda, i sjølve prosessen med ei slik sak og ikkje minst oppfølginga av barnet og familieane i etterkant av ei behandling. Vi opplever at dei aller fleste sakene der kommunen får omsorga for eit barn blir anka vidare til tingrett og lagmannsrett samt prøva på nytt i Fylkesnemnda så raskt det er mogeleg. Dette er svært ressurskrevjande. Vi brukar mykje tid på kvar enkelt av desse sakene. I tillegg kjem det store utgifter til bistand frå advokat.

### **Tiltak i familien Kviteseid kommune**

Det er relativt «mange» familiar som har behov for omfattande tiltak i familien for at barna skal få god nok omsorg. Vi har saker der barn har opplevd vald, overgrep eller foreldre som rusar seg. Vi har óg barn, ungdom og foreldre som har omfattande utfordringar i høve psykisk helse. Vi har som mål å skape endring for barna gjennom systematisk tett samarbeid med den enkelte familie og det enkelte barn.

### **Tiltak utanfor familien Kviteseid kommune**

Dei siste åra har kommunen fått fleire fosterheimsplasseringar. Kommunen sin eigendel ved plassering i fosterheim er i utgangspunktet kr 33 320 pr. mnd. Utgifter utover dette søker vi refundert frå Bufetat. Bufetat har stramma inn i høve refusjon, noko som har ført til at kommunen må dekke meir av utgiftene til kvar enkelt plassering.

Det kan og vere situasjonar i høve barn eller ungdom som i ein akutt situasjon må bu utanfor familien. Vi må då nokon gonger nytte beredskapsheim eller akutt institusjon for ungdom. I inneverande år har vi hatt ungdom plassera institusjon. Kostnadene ved dette er kr 70 320 pr mnd.

## 9. Kyrkja

Budsjettet for kyrkja i 2019 er i tråd med det Fellesrådet ber om. Fellesrådet ber om ei auke på nivå med den generelle auken.

Kyrkja har lagt fram eit omfattande investeringsprogram. Ønskja frå kyrkja ligg inne i investeringsbudsjettet.

For administrasjonen er det vanskeleg å ta stilling til prioritering av desse tiltaka både seg i mellom og i høve til andre kommunale tiltak.



*Foto: Kviteseid kyrkje*

## 10. Kommunale avgifter og brukarbetaling

### 10.1 Gebyr på VAR-området

Kviteseid kommune berekna kommunale gebyra i tråd med Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalings- tenester (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Sjølvkost tyder at kommunen sine kostnader med å produsere tenestene skal dekkast av gebyra som brukarane av tenestene betalar. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Ein annan sentral avgrensing i kommunen sitt handlingsrom er at overskot frå det enkelte år skal tilbakeførast til abonnentane eller brukarane i form av lågare gebyr innan dei neste fem åra. Dette tyder at viss kommunen har avsette overskot som er eldre enn fire år, må overskotet brukast til å redusere gebyra i det kommande budsjettåret. T.d. må et overskot som stammer frå 2014 i sin heilskap vera disponert innan 2019.

#### Utfordringar med sjølvkostbudsjettet

Det er ein rekke faktorar som Kviteseid kommune ikkje rår over i forhold til kva sjølvkostresultatet for det enkelte år vil bli. Dei viktigaste faktorar er budsjettårets forventa kalkylerente (5-årig SWAP-rente + 1/2 %-poeng), gjennomføringsevne på planlagde prosjekt (kapasitetsavgrensingar internt og eksternt), samt (uventa) inntekter frå nye abonnentar eller brukarar. I sum fører dette til at det er utfordrande å treffe med budsjettet.

#### Generelle føresetnadar


Kalkylerenta er for 2019 anslått å være 2,36 %. Lønnsvekst frå 2018 til 2019 er sett til 2,40 % mens generell prisvekst er sett til 2,50 %.

Budsjettet er utarbeidd den 1. oktober 2018. Tala for 2017 er etterkalkyle, tala for 2018 er prognostiserte verdiar og ikkje tall frå budsjettet. Tala for 2019 til 2022 er budsjett/økonomiplan. Ved behov for ytterligere grunnlagstal og avrekningsmetodar visast til kommunen sin sjølvkostmodell Momentum Sjølvkost Kommune.

#### Gebyrutvikling vann, avløp, renovasjon og feiing.

Frå 2018 til 2019 er det foreslått en samla gebyrreduksjon på rundt -3 % for å dekke kommunen sine kostnader på områda. Gebyret for feiing aukar med 36 %, mens gebyret for avløp reduserast med 15 %. I perioden 2017 til 2022 aukar samla gebyr med kr 958,- , frå kr 14 349,- i 2017 til kr 15 306,- i 2022. Dette svarar til en gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 1 %. I stolpediagrammet under er gebyret for vatn og avløp basert på eit årleg målt forbruk på 150 kubikkmeter vann. Gebyrsatsane er inkl. mva.

### Normalgebyr inkl. mva.



Årlig gebyrøndring frå året før	2019	2020	2021	2022
Vann	13,6 %	0,6 %	0,4 %	-0,5 %
Avløp	-15,1 %	3,9 %	4,8 %	5,7 %
Renovasjon	-1,0 %	2,3 %	2,7 %	3,2 %
Feiing	36,1 %	2,8 %	0,8 %	-5,9 %
<b>Total endring</b>	<b>-2,5 %</b>	<b>2,4 %</b>	<b>2,7 %</b>	<b>2,7 %</b>

### Kort gjennomgang av dei ulike områda.

#### Vatn - 2017 til 2022

##### Vassgebyrsatsar

I Kviteseid kommune er vassgebyret todelt, bestående av eit fast abonnementsgebyr og eit variabelt forbruksgebyr. Fastgebyret utgjør 39 % av dei totale gebyrinntektene. Frå 2018 til 2019 foreslåast det at vassgebyret aukar med 14 % frå kr 4 651,- til kr 5 286,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt auke med kr 988,-, kor av kr 634,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til en gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 4 % i åra 2017 til 2022. Samla gebyrauke i perioden er frå kr 4 319,- i 2017 til kr 5 308,- i 2022. I tabellen under er vassgebyret basert på eit årleg målt forbruk på 150 kubikkmeter vatn. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Vanngebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Abonnementsgebyr (kr/abonnt)</b>	<b>kr 1 524</b>	<b>kr 1 396</b>	<b>kr 1 781</b>	<b>kr 1 806</b>	<b>kr 1 743</b>	<b>kr 1 659</b>
Årlig endring		-8 %	28 %	1 %	-4 %	-5 %
<b>Forbruksgebyr (kr/m3)</b>	<b>kr 18,64</b>	<b>kr 21,70</b>	<b>kr 23,36</b>	<b>kr 23,40</b>	<b>kr 23,95</b>	<b>kr 24,33</b>
Årlig endring		16 %	8 %	0 %	2 %	2 %
<b>Arsgebyr inklusiv mva.</b>	<b>kr 4 319</b>	<b>kr 4 651</b>	<b>kr 5 286</b>	<b>kr 5 316</b>	<b>kr 5 335</b>	<b>kr 5 308</b>

Årlig endring		8 %	14 %	1 %	0 %	-1 %
---------------	--	-----	------	-----	-----	------

## **Avløp - 2017 til 2022**

### *Avløpsgebyrsatser*

I Kviteseid kommune er avløpsgebyret todelt, bestående av et fast abonnementsgebyr og et variabelt forbruksgebyr. Fastgebyret utgjør 33 % av dei totale gebyrinntektene. Frå 2018 til 2019 foreslåast det at avløpsgebyret reduserast med 15 % frå kr 7 267,- til kr 6 168,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt auke med kr 847,-, kor av kr -1 099,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 3 % i årene 2017 til 2022. Samla gebyrauke i perioden er frå kr 6 252,- i 2017 til kr 7 099,- i 2022. I tabellen under er avløpsgebyret basert på et årleg målt forbruk på 150 kubikkmeter vatn. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Avløpsgebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Abonnementsgebyr (kr/abonnt)</b>	<b>kr 1 469</b>	<b>kr 1 711</b>	<b>kr 1 495</b>	<b>kr 1 669</b>	<b>kr 1 846</b>	<b>kr 2 089</b>
Årlig endring		17 %	-13 %	12 %	11 %	13 %
<b>Forbruksgebyr (kr/m<sup>3</sup>)</b>	<b>kr 31,89</b>	<b>kr 37,04</b>	<b>kr 31,15</b>	<b>kr 31,59</b>	<b>kr 32,48</b>	<b>kr 33,40</b>
Årlig endring		16 %	-16 %	1 %	3 %	3 %
<b>Arsgebyr inklusiv mva.</b>	<b>kr 6 252</b>	<b>kr 7 267</b>	<b>kr 6 168</b>	<b>kr 6 407</b>	<b>kr 6 718</b>	<b>kr 7 099</b>
Årlig endring		16 %	-15 %	4 %	5 %	6 %

## **Renovasjon - 2017 til 2022**

### *Renovasjon - gebyrsatser*

Frå 2018 til 2019 foreslåast det at gebyret for renovasjon reduserast med 1 % frå kr 2 293,- til kr 2 270,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt reduserast med kr 545,-, kor av kr -23,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til ein gjennomsnittleg årleg gebyrreduksjon på 4 % i åra 2017 til 2022. Samla gebyrreduksjon i perioden er frå kr 3 009,- i 2017 til kr 2 464,- i 2022. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Renovasjon - gebyrsatser	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Normalgebyr</b>	<b>kr 3 009</b>	<b>kr 2 293</b>	<b>kr 2 270</b>	<b>kr 2 323</b>	<b>kr 2 386</b>	<b>kr 2 464</b>
Årlig endring		-24 %	-1 %	2 %	3 %	3 %

## **Slamtømming - 2017 til 2022**

### *Slamtømming - gebyrsatsar*

Frå 2018 til 2019 foreslåast det at gebyret for slamtømming aukar med 10 % frå kr 2 975,- til kr 3 273,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt auke med kr 764,-, kor av kr 298,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til ein gjennomsnittleg årleg gebyrauke på 4 % i åra 2017 til 2022. Samla gebyrauke i perioden er frå kr 3 591,- i 2017 til kr 4 355,- i 2022. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Slamtømming - gebyrsatsar	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Normalgebyr</b>	<b>kr 3 591</b>	<b>kr 2 975</b>	<b>kr 3 273</b>	<b>kr 3 600</b>	<b>kr 3 960</b>	<b>kr 4 355</b>
<i>Årlig endring</i>		-17 %	10 %	10 %	10 %	10 %

## **Feiing - 2017 til 2022**

### *Feiing - gebyrsatsar*

Frå 2018 til 2019 foreslåast det at gebyret for feiing aukar med 36 % frå kr 329,- til kr 448,-. I perioden 2017 til 2022 vil årsgebyret totalt reduserast med kr 333,-, kor av kr 119,- er endringa frå 2018 til 2019. Budsjettet legg opp til en gjennomsnittleg årleg gebyrreduksjon på 11 % i åra 2017 til 2022. Samla gebyrreduksjon i perioden er frå kr 769,- i 2017 til kr 436,- i 2022. Gebyrsatsane er inkl. mva.

Feiing - gebyrsatsar	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Normalgebyr</b>	<b>kr 769</b>	<b>kr 329</b>	<b>kr 448</b>	<b>kr 460</b>	<b>kr 464</b>	<b>kr 436</b>
<i>Årlig endring</i>		-57 %	36 %	3 %	1 %	-6 %

## **10.2 Andre avgifter og brukarbetalingar**

### **Husleiger**

Ein foreslår å auke med 2,5 % (konsumprisstigning) med unntak av dei nyaste omsorgsbustadar (3,4% og 6,5%).

### **Pleie- og omsorg**

Den lovbestemte maksimalsatsen for dei som har inntekt mellom 0-2G som mottek heimetenester aukar frå 205 til 210 kr. Det blir gjort framlegg om å nytte den maksimale satsen. Eigenbetaling for heimetenester(inkl. heimevaktmeister, personleg brukarstyrt



assistent) kr 261,-/time. For dei med inntekt mellom 2-3G auka satsen for heimhjelp med kr 37 til 1564 kr. Prisar for tryggleiksalarm får ingen auke i 2019.

Prisane på mat tilkjørt frå kjøkkenet har ingen endring. Mens mat servert på kantina inkl. dessert aukar med 10 kr til kr 110,-.

### **Skule og barnehage**

Det er lagt opp til små endringar i brukarbetalingane i 2019. Barnehage sin maks. sats er auka til 2990 frå 1.1. og til 3040,- frå 1.8.19 pr mnd (nasjonale føringar) (jmf prislister). SFO satsar aukar da etter same forhold som barnehage sine satsar. Matpengane i barnehage og SFO er uendra.

### **Kulturskulen**

Ingen auke i prisen


### **Skjenkeavgifter**

Ingen auke i 2019

### **Plankontoret.**

Sjå eigen sak på dette.

## 11. Fond og gjeld



Resultatsdisponering frå 2017 fører til ein auke i disposisjonsfond i 2018. Prognose for 2018 viser at ikkje brukt integreringstilskot fører til ein ytterlegare auke i disposisjonsfond i løpet av 2018. I 2019 er det i rådmann sitt budsjettframlegg brukt ca. kr 0,72 mill. av disposisjonsfondet. I økonomiplanperioden vil fondet sannsynligvis reduserast ytterligare (sjå kap. 3). Næringsfond for bruk av konsesjonskraftinntekter (ein del av ubundne fond) har pga. stigande kraftprisar auka inntekter for sal av konsesjonskraft, difor er det meir pengar til direkte næringsstøtte.

Budsjettet legg opp til at lånegjelda aukar frå 115,549 mill. i 2018 til 184,5 mill. kr. i løpet økonomiplanperioden. Det ligg likevel usikkerheit omkring nivået utover i perioden p.g.a. at delar av planlagde investeringar bare baserer seg på prisoverslag.

### Lånegjeld (eks. pensjonsforpliktingar og form.lån)

2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
103362	100857	115549	128214	160303	168560	184582

Tabellen viser utviklinga i lånegjeld pr. 1.1. i året. Oversikten viser auken i gjelda i takt med planlagde investeringar.

## Stillingsoversikt årsverk - Rådmannen sitt framlegg

	2004	2007	2011	2014	2015	2016	2017	2018	2019 - Arena	Tiltak	31.12.2019
Politisk verksemd	1,6	1,6	1,6	1,6	1,5	1,5	1,4	1,40	1,40		1,40
Rådmann	2,65	2,5	3	2,8	2,4	3,2	4,0	4,00	4,00		4,00
Fellestene	5,92	7,12	6,6	6,95	6,95	6,6	6,6	7,00	7,00		7,00
Barnevern	12,3	12,3	12,3	14,1	14,1	14,5	14,1	14,10	15,50	-0,8	14,10
Adm Helse og omsorg	2,85	1,7	1,6	1,5	1,5	1,5	1,0	1,00	1,00		1,00
Tenestekontor							2,1	2,40	2,70		2,70
Kviteseid omsorgssenter	26,99	25,7	31,19	31,55	32,65	32,2	32,4	32,40	32,40		32,40
Heimetenestene	19,33	20,39	21,88	24,34	23,91	22,4	24,0	23,63	23,12		23,12
Kjøken	3,74	3,74	3,74	3,74	3,74	3,7	3,7	3,74	3,74		3,74
Funksjonshemma	13,34	13,37	20,38	19,72	19,32	21,5	21,8	21,78	22,80		22,80
Helsesenter	11,65	11,45	14,4	15,95	15,08	15,1	16,4	18,55	18,55		18,55
Anna undervisning	6,32	4,83	6,79	6,31	6,31	5,9	5,7	5,21	5,96		5,96
Kviteseid skule	33,34	26,03	29,14	31,78	31,56	30,9	29,8	31,73	31,96	-0,4	30,56
Straumsnes oppvekstsenter, Vrådal	8,78	9,39	9,98	11,37	11,37	9,1	7,6	6,79	6,77	-0,2	6,57
Brunkeberg oppvekstsenter	11,6	10,6	12,34	13,55	13,55	12,8	12,2	11,76	13,64		13,64
Kviteseid barnehage	9,36	8,2	11,05	11,7	11,6	11,4	11,4	11,64	12,20	0,6	12,80
NAV	3	2,1	2,6	2,5	2,5	2,0	1,4	1,40	1,40		1,40
Samfunnsutvikling og teknisk drift	25,36	25,77	26,98	27,85	27,85	25,7	24,8	24,18	23,19		23,19
Lærling				1	1	1,0	2,0	3,00	3,00		3,00
<b>Totalt</b>	<b>200,8</b>	<b>187,62</b>	<b>215,57</b>	<b>228,31</b>	<b>226,89</b>	<b>221,06</b>	<b>222,17</b>	<b>225,71</b>	<b>230,33</b>	<b>-0,80</b>	<b>227,93</b>

## 12. Stillingar